**FRÅVÆR – ELEV**

- Søk permisjon ved planlagt fråvær, og gjer avtaler med lærarane om korleis du skal følgje opp skulearbeidet dersom du får permisjon
  - Fråvær på grunnlag av konkurransar/treningsleir eller anna fråvær som er godkjent som studietid skal ikkje teljast opp
  - Møter med rådgivar, skulehelsetenesta, OTPPT eller elevrådsarbeid som er avtalt med skulen, skal heller ikkje teljast opp
- Gje melding om fråvær frå skulen til kontaktlærar første fråværsdag/straks du veit at du ikkje kjem deg på skulen
- Kjem du meir enn 15. minutt for seint vil det bli ført som fråvær for heile timen
- Dersom du må gå i løpet av skuledagen, må du melde frå til faglærar/kontaktlærar før du går
- Lever eigenmelding eller legeerklæring/timeavtale/annan dokumentasjon til *kontaktlærar*, seinast to dagar etter du er tilbake på skulen
  - Under 18 år: Eigenmelding skal signerast av føresette
- Følg med på registrert fråvær i SkoleArena. Finn du feil, ta det opp med faglærar/kontaktlærar så raskt du kan
- Dersom du har 10 % udokumentert fråvær i eit fag må du levere legeerklæring frå første sjukedag. Har du ein kronisk/langvarig tilstand som er dokumentert av lege/psykolog, kan du levere eigenmelding i kombinasjon med denne.

➢ Dersom du ikkje varslar om fråvær eller leverer dokumentasjon når du er tilbake, vil det gå utover vurderinga i orden

➢ Dersom du leverer dokumentasjon på fråvær kan du på slutten av året, på visse vilkår, søke om at det ikkje skal førast på kompetansebeviset.

➢ Dersom du har meir ein 10 % fråvær i eit fag, som ikkje er dokumentert, så får du i utgangspunktet ikkje karakter i faget. Snakk med faglærar, og lever søknad om å få karakter dersom du har mellom 10 og 15% fråvær du ikkje kan dokumentere.

➢ Treng du nokon å snakke med? Ta kontakt med ein lærar du har tillit til, miljøterapeut, rådgivar eller helsesøster.

**Unngå fråvær, delta aktivt og sikre deg vurderingsgrunnlag i alle fag!**